

## KOMMISJONSVEDTAK

2014/EØS/56/42

av 18. november 2008

om endring av vedtak 2002/747/EF, 2003/31/EF, 2005/342/EF, 2005/344/EF og 2005/360/EF om lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til visse produkt, skal gjelde for(\*)

[meldt under nummeret K(2008) 6941]

(2008/889/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

endring av vedtak 1999/427/EF<sup>(3)</sup> går ut 31. desember 2008.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet, og

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtane:

1) Kommisjonsvedtak 2002/747/EF av 9. september 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til lyspærer, og om endring av vedtak 1999/568/EF<sup>(2)</sup> går ut 28. februar 2009.

2) Kommisjonsvedtak 2003/31/EF av 29. november 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til maskinoppvaskmiddel, og om

3) Kommisjonsvedtak 2005/342/EF av 23. mars 2005 om fastsettelse av reviderte miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til håndoppvaskmidler<sup>(4)</sup> går ut 31. desember 2008.

4) Kommisjonsvedtak 2005/344/EF av 23. mars 2005 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av fellesskapsmiljømerket til allrensjøringsmidler og sanitærrensjøringsmidler<sup>(5)</sup> går ut 31. desember 2008.

5) Kommisjonsvedtak 2005/360/EF av 26. april 2005 om fastsettelse av miljøkriterier og tilhørende krav til vurdering og kontroll for tildeling av fellesskapsmiljømerket til smøremidler<sup>(6)</sup> går ut 31. mai 2009.

6) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 er det i god tid vorte gjennomført ein revisjon av miljøkriteria og av dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som vart innførte ved dei nemnde vedtaka.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 318 av 28.11.2008, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 72/2009 av 29. mai 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 47 av 3.9.2009, s. 32.

<sup>(1)</sup> TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 242 av 10.9.2002, s. 44.

<sup>(3)</sup> TEF L 9 av 15.1.2003, s. 11.

<sup>(4)</sup> TEU L 115 av 4.5.2005, s. 9.

<sup>(5)</sup> TEU L 115 av 4.5.2005, s. 42.

<sup>(6)</sup> TEU L 118 av 5.5.2005, s. 26.

- 7) Ettersom revisjonen av disse vedtaka er på ulike stadium, bør det tidsrommet som miljøkriteria og krava skal gjelde for, lengjast med 24 månader for vedtak 2003/31/EF, 2005/342/EF og 2005/344/EF, og med 14 månader for vedtak 2002/747/EF og 2005/360/EF.
- 8) Ettersom den pliktige revisjonen i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 berre gjeld miljøkriteria og krava til vurdering og kontroll, bør vedtak 2002/747/EF, 2003/31/EF, 2005/342/EF, 2005/344/EF og 2005/360/EF halde fram med å gjelde.
- 9) Vedtak 2000/747/EF, 2003/31/EF, 2005/342/EF, 2005/344/EF og 2005/360/EF bør difor endrast.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedtak 2002/747/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriteria for produktgruppa «lyspærer» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 30. april 2010.»

*Artikkel 2*

I vedtak 2003/31/EF skal artikkel 5 lyde:

«*Artikkel 5*

Miljøkriteria for produktgruppa «maskinoppvaskmiddel» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2010.»

*Artikkel 3*

I vedtak 2005/342/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «håndoppvaskmidler» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. desember 2010.»

*Artikkel 4*

I vedtak 2005/344/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

Miljøkriteriene for produktgruppen «allrengjøringsmidler og sanitærrengjøringsmidler» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. desember 2010.»

*Artikkel 5*

I vedtak 2005/360/EF skal artikkel 4 lyde:

«*Artikkel 4*

Miljøkriteriene for produktgruppen «smøremidler» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. juli 2010.»

*Artikkel 6*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferdta i Brussel, 18. november 2008.

*For Kommisjonen*

Stavros DIMAS

*Medlem av Kommisjonen*